



---

# Notat

---

Til: Arne Helgesen, Bente Kopperdal Hervik, Eirik Bouwer Utne, Grethe Elin Mjelde, Katarina Birkeland, Kultur, Landbruk, Ole Johan Ingebrigtsen, Per Asle Køhne, Robert Lorang Hansen, Tommy Veland

Kopi til:

Saksbehandler: Plan og byggesak/Merethe Tvedt

Vår referanse: 20/1203 - 9 / PlanID-1263201407, Plannavn-1263-201407, Komnr-4631, FA-L13

Dato: 08.02.2021

---

Emne: Reguleringsplan for Fv. 57 - med gang- sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad - 2  
gongshandsaming - Ny høyring

## **Reguleringsplan for Fv. 57 – med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad – 2 gongshandsaming – ny høyring**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, har Utval for areal, plan og miljø, 3.2.2021, som sak 018/21, gjort vedtak om å leggja planframlegg for *Fv. 57 med gang – sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad* ut til ny høyring og offentlig ettersyn. Forslag til detaljregulering har tidlegare vore vedtatt sendt ut til høyring, og låg ute til offentlig ettersyn i perioden 7.11.2018 – 20.12.2018. Med bakgrunn i innspel og merknadene som kom inn ved offentlig ettersyn er det no gjort fleire endringar i planforslaget som blir lagt ut på ny høyring.

Planområdet er på om lag 999 daa og strekk seg langs den 10 km lange strekinga av fylkesveg 57 mellom Lindås tettstad og Mongstad. Planforslaget legg til rette for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Køyrevegen blir utbetra fleire plasser med utretting av veglina og utviding. Avkøyrslar blir sanert, vegkryss og kulvert utbetra, og nye kryssingar blir etablert for gåande og syklende. Langs heile strekket er det satt av areal for midlertidig rigg og anleggsbelte som sikrar gjennomføring av prosjektet.

Vedlagt saksframlegg for 2. gongshandsaming gjennomgår endringane vist med kartutsnitt og tekst for kvart plankart.

### **Planframlegget omfattar følgjande dokument:**

1. Plankart1-14, sist revidert 4.12.20
2. Planomtale, sist revidert 4.12.20
3. Reguleringsføresegner, sist revidert 4.12.20
4. ROS analyse, datert 2.12.19
5. Støyrapport, datert 9.6.19
6. Oversiktsprofil, datert 2.12.19
7. Støysonekart, datert 2.12.19
8. Normalprofil, datert 2.12.19

9. VA-rammeplan, datert 9.2.17
10. Geotekniskrapport, datert 18.11.16
11. Begrunnelse linjeføring, datert 9.6.17
12. Plan og profil, datert 15.5.2017
13. Plan og profil CO10-1, datert 24.6.19
14. Saksframlegg, 2. gongshandsaming
15. Saksframlegg, 1. gongshandsaming

**Perioden for offentlig ettersyn er sett frå 09.02.2021 – 23.03.2021.**

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein enten nytte kommunen sitt elektroniske høyringsskjema som ligg under høyringar og offentlig ettersyn på heimesida, sende e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no), eller sende brev til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til planavdelinga.

Merknadsfrist er sett til **23.03.2021**.